



Aukra kommune

Arkivsak: 2018/944-1
Arkiv: 231
Saksbeh: Gerd Nerbø
Dato: 11.10.2018

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
80/18	Formannskapet	29.10.2018
81/18	Kommunestyret	13.11.2018

Vass- og avløpsgebyr 2019

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i «Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg» § 3, vedtek kommunestyret slike satsar for vass- og avløpsgebyr for 2019:

Årsgebyr for vatn for ein bustad vert auka med 21,4 % til: kr. 5.222,- pr/år inkl. mva

Årsgebyr for avløp for ein bustad vert redusert med 0,4 % til: kr. 3.787,- pr/år inkl. mva

Saksprotokoll i Formannskapet - 29.10.2018

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.11.2018

Behandling

Katrine Rindarøy sette fram følgjande oversendingsforslag:

Aukra kommunestyre ber administrasjonen vurdere om kommunale avgifter kan deles opp i månedlige innbetalinger

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Oversendingsforslaget frå Katrine Rindarøy vart vedtatt oversendt til administrasjonen, med 19 mot 2 stemmer

Vedtak

Med heimel i «Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg» § 3, vedtek kommunestyret slike satsar for vass- og avløpsgebyr for 2019:

Årsgebyr for vatn for ein bustad vert auka med 21,4 % til: kr. 5.222,- pr/år inkl. mva

Årsgebyr for avløp for ein bustad vert redusert med 0,4 % til: kr. 3.787,- pr/år inkl. mva

Oversendingsforslag:

Aukra kommunestyre ber administrasjonen vurdere om kommunale avgifter kan deles opp i månedlige innbetalinger

Vedlegg

- 1 Momentum sjølvkostmodell
VARF

Særutskrift:

Bakgrunn:

Aukra kommune bereknar kommunale gebyr i tråd med Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalings-tjenester (H- 3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). Sjølvkost inneber at kommunens kostnader med å tilverke tenestene skal dekkjast av gebyra som brukarane av tenestene betaler. Kommunen har ikkje anledning til å tene pengar på tenestene. Ei anna sentral avgrensing i kommunen sitt handlingsrom er at overskot frå det enkelte år skal tilbakeførast til abonnentane eller brukarane i form av lågare gebyr innan dei neste fem åra. Dette inneber at dersom kommunen har avsette overskot som er eldre enn fire år, må overskotet brukast til å redusere gebyra i det komande budsjettåret. Eksempelvis må eit overskot som stammar frå 2014 i si heilheit vere disponert innan 2019.

Utfordringar med sjølvkostbudsjettet

Det er ei rekkje faktorar som Aukra kommune ikkje rår over i høve til kva sjølvkostresultatet for det enkelte år vil verte. Dei viktigaste faktorane er budsjettåret si forventa kalkylerente (5-årig SWAP-rente + 1/2 %-poeng), gjennomføringsevne på planlagte prosjekt (kapasitetsavgrensingar internt og eksternt), og dessutan (uventa) inntekter frå nye abonnentar eller brukarar. I sum fører dette til at det er utfordrande å treffe med budsjettet.

Utgreiing:

Kalkylerenta er for 2019 anslege å vere 2,33 %. Lønnsvekst frå 2018 til 2019 er sett til 4,00 %, medan generell prisvekst er sett til 2,53 %. Budsjettet er utarbeida den 20. september 2018. Tala for 2017 er etterkalkyle, tala for 2018 er prognostiserte verdiar og ikkje tal frå budsjettet. Tala for 2019 til 2022 er budsjett/økonomiplan. Ved behov for ytterlegare grunnlagstal og berekningsmetodar vises det til kommunens sjølvkostmodell Momentum Selvkost Kommune.


I Aukra kommune er gebyret for vatn todelt, bestående av eit fast abonnementsgebyr og eit variabelt forbruksgebyr. Fastgebyret utgjør 37 % av dei totale gebyrinntektene. Frå 2018 til 2019 foreslås det at gebyret for vatn aukar med 21 % frå kr 4 301,- til kr 5 222,-. Aukra kommune har dei siste åra hatt ein dekningsgrad på sjølvkostområdet vatn som har ligge under 100%. Dette må dekkast inn innanfor ei femårsperiode. Sjølvkostoppstillinga for vatn som ligg vedlag viser korleis dette kan dekkast inn.

I perioden 2017 til 2022 vil årsgebyret totalt auke med kr 1 827,-, der kr 921,- er endringa frå 2018 til 2019. Budsjettet legg opp til ei gjennomsnittleg årleg gebyrauking på 8 % i åra 2017 til 2022. Samla gebyrauking i perioden er frå kr 3 940,- i 2017 til kr 5 767,- i 2022.

Gebyrutvikling vatn, avløp, renovasjon og feiing

Frå 2018 til 2019 foreslås ei samla gebyrauking på omlag 15 % for å dekkje kommunen sine kostnader på områda. Gebyret for renovasjon auker med 28 %, medan gebyret for avløp minkar med 0 %. I perioden 2017 til 2022 auker samla gebyr med kr 3 163,-, frå kr 11 122,- i 2017 til kr 14 285,- i 2022. Dette svarar til ei gjennomsnittleg årleg gebyrauking på 5 %. I stolpediagrammet under er

gebyret for vatn og avlaup basert på eit årleg målt forbruk på 180 kubikkmeter vatn. Gebysatsane er inkl. mva.



Årleg gebyrendring frå året før	2019	2020	2021	2022
Vatn	21,4 %	5,5 %	0,7 %	3,9 %
Avløp	-0,4 %	-3,7 %	-6,9 %	6,4 %
Renovasjon	28,3 %	9,6 %	8,4 %	6,7 %
Feiing	3,1 %	3,0 %	3,8 %	5,7 %
Total endring	15,0 %	3,8 %	0,9 %	5,4 %

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

Rett utskrift 14.11.18

Anita Raknes Otterlei

Formannskapssekr.